



Bergen klatreklubb har gjort ein banebrytande innsats for klatrearenaen Ulvanåso og dei har teke dette biletet.

Ville du utan vidare seie ja takk til å klatra 250 høgdemeter i Uskedalens yndlingsfjell Ulvanåso og like mykje ned att? Det ville du nok knapt, men ikkje desto mindre er det naudsynt med ei slik øving hvis du skal kunne titulera deg med tittelen *Norges Tøffaste Kjendis*.

Tysdag er dagen då TV Norge skal spela inn ein heil episode frå fjellet vårt og dermed oppnår både fjellet og Uskedalen ein PR-effekt som er ganske eineståande. Serien som det til no er spelt inn 17 eksemplar av er av dei meir vellukka i norsk TV med rundt rekna 500 000 sjåarar i snitt.

Det ligg i sakens natur at det ikkje er av ei av dei mest krevjande rutene som dei 10 deltakarane må gjennomføra i dag. Tilbodet i fjellet er no 63 ruter. Ingen av dei 10 er profesjonelle fjellklatrar,

Men uansett er det ei krevjande oppgåve som ein må ha eit solid fysisk og anna grunnlag for å kunne gjennomføra. Programmet må sjåast som eit nytt vellukka resultat av marknadsføringa av Uskedalen - i dette høve som eit klatringens Mekka snart på linje med Trollveggen. No gjeld det å følgja opp med meir reklame - og framom alt å utnytta reklamen.

Som i alle slike samanhengar er TV-selskapet sparsam med opplysningar om det som skal skje, men det er i alle fall opplyst at både starten og 'målgangen' skjer i sjølve Uskedalen. Og noko av det viktigaste er på plass . **VERET!**. Det vil verta strålande!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen